

## Protokoll frå styremøte i Helse Vest RHF

Tid: 29.11.2006, 11:30 - 13:30  
Møtestad: Nådlandskroken 11, Stavanger

### Styremøtet var oppe for publikum og presse

#### Deltakarar frå styret:

Oddvar Nilsen Leder	Aslaug Husa Medlem
Kari Oftedal Lima Nestleiar	Reidun Korsvoll Medlem
Svein Andersen Medlem	Magnar Lussand Medlem
Helge Espelid Medlem	Ellen Solheim Medlem
Gisle Handeland Medlem	Gunnvor Sunde Medlem
Inger Hamborg Medlem	

#### Deltakarar frå administrasjonen:

---

Administrerande direktør Herlof Nilssen  
Viseadministrerande direktør Helge E. Bryne  
Fagdirektør Odd Søreide  
Økonomi- og finansdirektør Per Karlsen  
Personal- og organisasjonsdirektør Hilde Christiansen  
Kommunikasjonsdirektør Bjørg Sandal  
Seniorrådgivar Torunn Nilsen (ref)

#### Saker:

---

B 06/106	Godkjenning av innkalling og dagsorden
D 06/107	Nevrokirurgi i Helse Vest

## B 06/106 Godkjenning av innkalling og dagsorden

### Kommentarar:

Styreleiar orienterte om at følgjande dokument var sendt ut på e-post og delt ut i møte:

- Notat – Oversikt over innspel/dokument som er sendt til styret i sak 107/06 D Nevrokirurgi i Helse Vest:
- Innkalling til Styremøte Helse Vest RHF, 29 november 2006-11-29
- Pressemelding dagsett 15. november 2006 – "overlege på plass ved nevrokirurgisk på SUS"
- Forside og link til underskriftskampanjen [www.opprop.no](http://www.opprop.no) – "Folkets mening om nedleggelse av nevrokirurgisk avd. på SUS" Kampanjen har pt 21666 underskrifter
- Protokoll frå styremøte 8. november 2006
- Oppdaterte avisutklipp 15. november – 28. november
- Oppdaterte presseklipp
- Brev frå Rogaland Bondelag til Helse Vest, dagsett 201106 – "Rogaland Bondelag er bekymra for den manglande beredskap og behandling det er på nevrokirurgisk avdeling på Universitetssjukehuset i Stavanger"
- E-post frå Harry Mikkelsen til administrerande direktør og viseadministrerande direktør, dagsett 081106 – "Nedleggjing av nevrokirurgi i Stavanger"
- Svarbrev til Harry Mikkelsen, dagsett 131106 – "Det nevrokirurgiske tilbodet i Helse Vest"
- E-post frå Kystpartiet avd. Rogaland, dagsett 131106 – "Kystpartiet ser at den uholdbare situasjonen ved SUS ikke kan vedvare"
- Lesarinnlegg frå Konserntillitsvalde i Helse Vest, dagsett 241106 – "Nevrokirurgisaken"
- Brev frå styremedlemmer valt blant dei tilsette ved SUS til styret i Helse Vest, dagsett 131106, "Nevrokirurgi – oppfølging av styresak 096/06 B i Helse Vest"
- Brev frå Helse Bergen HF til SUS, dagsett 281106, "Oversending av vaktliste for nevrokirurgane ved SUS"
- Brev frå SUS til Helsetilsynet i Rogaland dagsett 20.11.06. (Vi gjer merksam på at dette brevet har Helse Vest fått tilsendt etter førespurnad til Helse Stavanger HF. Brevet ligg på Helse Stavanger HF si offentlege postliste. Dette brevet innhald etter Helse Vest si vurdering opplysningar som gjer at vi vurderer det rett å unnta det frå offentlegheit - Off.I § 5 a jf. Fvl § 13.)
- Brev frå SUS til Helsetilsynet i Rogaland dagsett 22.11.06 – "Vurdering av det nevrokirurgiske tilbod ved SUS"

### Vedtak (samrøystes):

Det var ingen merknader til innkalling og dagsorden.

## D 06/107 Nevrokirurgitilbodet i Helse Vest

### Kommentarar:

I styremøte 8. november 2006 var styret samde om følgjande:

*Det skal vere eit nevrokirurgisk tilbod i Stavanger og Bergen.*

*Akutttilbodet skal oppretthaldast både i Bergen og Stavanger.*

*Det må vere eit tett samarbeid mellom fagmiljøa for å sikre eit godt tilbod både i Bergen og Stavanger.*

*Prinsipielt er det ikkje noko i vegen for å flytte ansvaret for rekruttering til Helse Stavanger HF. Vidareføring av samarbeidsavtalen krev tett oppfølging frå RHFet for å sikre at HFa leverer og gjennomfører i samsvar med avtalen.*

*Hovudutfordringa er nå å sikre rekruttering av nevrokirurgar til Stavanger og Bergen slik at akuttberedskapen kan sikrast i Stavanger.*

Det vart i styremøte 8. november 2006 fatta følgjande vedtak (Vedtaket fekk 6 stemmer: Oddvard Nilsen, Kari Oftedal Lima, Gisle Handeland, Magnar Lussand, Inger Hamborg, Aslaug Husa):

- 1. Avtalen mellom Helse Bergen HF og Helse Stavanger HF om nevrokirurgi jf styresak 80/05 vert vidareført. Helse Vest RHF vil ha ei særskilt tett oppfølging av om avtalen blir etterlevd i begge helseføretaka.*
- 2. Helse Bergen HF intensiverer arbeidet med å etablere ei permanent bemanning innan nevrokirurgi i Stavanger i samsvar med gjeldande samarbeidsavtale. Helse Stavanger må bidra i dette arbeidet. Styret i Helse Vest RHF ber om å bli haldt løpande orientert om utviklinga fram til ny vurdering er gjort og er lagt fram for styret.*
- 3. Det vert gjennomført ei ny brei fagleg vurdering av ei nordisk/internasjonale gruppe ekspertar om funksjonsdelinga/arbeidsdelinga innan nevrokirurgi i Helse Vest.*
- 4. Administrerende direktør i Helse Vest RHF utarbeider forslag til mandat som vert godkjent av styret i Helse Vest RHF.*
- 5. Styret ber om ei ny handsaming av saka etter dette.*

Etter drøfting i ekstraordinært styremøte 29. november fatta styret eit samrøystes vedtak.

Framlegg til pkt. 1 i vedtaket vart fremma av Helge Espelid.

Styret var samde om at forslag frå Helge Espelid blir oversendt til administrasjonen for vidare vurdering/bearbeiding. Styret ber også om at dette blir tatt omsyn til når mandat for fagleg utgreiing blir utarbeidd. Forslag til mandat for fagleg utgreiing, samt oppdatert informasjon om saka blir lagt fram på styremøte i desember.

Framlegg til pkt. 2 i vedtaket vart fremma av styreleiar.

### **Vedtak (samrøystes):**

1. Forslag frå Helge Espelid blir oversendt til administrasjonen som skal vurdere korleis dette kan bli innarbeidd i mandat til fagleg utgreiing.
2. Styret i Helse Vest forventar at styra i Helse Stavanger HF og Helse Bergen HF følgjer opp samarbeidsavtalen. Vidare forventar styret lojal oppfølging av avtalen frå leiing og tilsette i begge helseføretak.

Følgjande forslag framsett av Helge Espelid blir oversendt til administrasjonen:

1.
  - a) Dei overordna prinsippa for funksjonsfordeling innan nevrokirurgi som styret vedtok i sak 64/02 ligg til grunn for presiseringane i dette vedtaket. Funksjonsfordelinga innan nevrokirurgi mellom Helse Stavanger HF og Helse Bergen HF skal vere i samsvar med vedlagde liste, med unntak av dei inngrepa som er omtalte i punkt 2b.
  - b) Alle barn med nevrokirurgiske problemstillingar blir førebels viste til HUS. Barn med tilstandar som er definerte som "landsfunksjonar" kan visast til Rikshospitalet.
  - c) All Parkinson-kirurgi skal utførast ved HUS.

2.

Det skal utarbeidast ei ny eiga samarbeidsavtale mellom Helse Bergen og Helse Stavanger.

Følgjande punkt skal inngå i avtala:

- a) Det skal vere eit nært og gjensidig forpliktande fagleg samarbeid mellom dei to nevrokirurgiske avdelingane. Dette skal mellom anna skje gjennom felles faglege retningslinjer, prosedyrar, rutinar for kvalitetssikring og evaluering av

behandlingsresultat. Haukeland Universitetssjukehus skal ha eit hovudansvar for dette.

- b) Det blir opna for elektive kraniotomiar ved Stavanger Universitetssjukehus i eit nærmare avtalt avgrensa omfang (metastatisk sjukdom/ glioblastomar), og på ein slik måte at omsynet til kvaliteten på pasientbehandlinga blir teken vare på ved både Haukeland Universitetssjukehus og Stavanger Universitetssjukehus. Hovudansvaret for kvalitetssikring av behandlingstilbodet blir lagt til nevrokirurgisk avdeling ved Haukeland Universitetssjukehus.
- c) Det skal skje utveksling av personell mellom avdelingane. Dette skal omfatte både legespesialistar og legar under spesialisering.
- d) Arbeidet med samarbeidsavtala skal forankrast i toppleiinga i hekseføretaka. Helse Vest vil ta initiativ til og leie arbeidet.

3.

SUS skal ikkje utvikle ei full nevrokirurgisk avdeling

4.

Den etablerte oppgåvedelinga blir vidareført inntil den nye avtalen trer i kraft.

5.

Ordninga skal evaluerast etter eit halvt år. Dersom resultatata ikkje er i tråd med pkt 1 til 4 i vedtaket, og resultatata av evalueringa av behandlingkvaliteten ikkje er tilfredstillande, skal alle planlagde kraniotomiar utførast i Helse Bergen HF. Vidare skal årsak til evt. avvik kartleggjast slik at naudsynte administrative tiltak kan iverksetjast for at dei andre delane av avtalen (nevrokirurgi utan kraniotomiar) vert gjennomført etter intensjonen.

6.

Helse Stavanger HF skal ha rekrutterings- og arbeidsgjevaransvar for nevrokirurgar i eige føretak

Ref. Torunn Nilsen  
Stavanger, 29. november 2006

---

Oddvard Nilsen  
Styreleiar

---

Kari Oftedal Lima  
Nestleiar

---

Svein Andersen

---

Reidun Korsvoll

---

Gisle Handeland

---

Ellen Solheim

---

Magnar Lussand

---

Gunnvor A. Sunde

---

Aslaug Husa

---

Inger F. Hamborg

---

Helge Espelid